

## Kapellet, preste- og samtaltjenesten

**Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken.** Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

## SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

## SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjenesten».



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk: Prestetjenesten

# Søndagshelsing

3. september 2023  
Vingardssøndag

**Tema: Urettvis rettferd?**



Pixabay.com

**Det er familiegudsteneste i kantina søndag**

**3. september kl 11:30. Merk tida!**

## Vingardssøndag

### Preiketekst: Matt 20, 1-16

**1** Himmelriket kan liknast med ein jordeigar som gjekk ut tidleg om morgonen for å leiga arbeidsfolk til vingarden sin. **2** Han vart samd med arbeidarane om ein denar for dagen og sende dei bort i vingarden. **3** Så gjekk han ut omkring den tredje timen og fekk sjå nokre andre som stod ledige på torget. **4** Han sa til dei: 'Gå bort i vingarden, de òg! Så skal eg gje dykk det som er rett.' **5** Og dei gjekk. Sidan gjekk han ut omkring den sjette og den niande timen og gjorde like eins. **6** Då det leid til den ellevte timen, gjekk han ut att og fann endå nokre som stod der. Han seier til dei: 'Kvifor står de her arbeidslause heile dagen?' **7** 'Fordi ingen har leigd oss', svara dei. Då sa han: 'Gå bort i vingarden, de òg.'

**8** Då det leid til kvelds, sa vingardseigaren til forvaltaren sin: 'Kall fram arbeidsfolket og lat dei få løna si! Ta til med dei siste og hald fram til dei første.' **9** Så kom dei som var leigde omkring den ellevte timen, og fekk ein denar kvar. **10** Då dei første kom, venta dei å få meir; men dei fekk kvar sin denar, dei òg. **11** Dei tok imot pengane, murra mot jordeigaren **12** og sa: 'Dei som kom sist, har ikkje arbeidd meir enn ein time, og så set du dei likt med oss som har slite og sveitta heile dagen!' **13** Han sa til ein av dei: 'Ven, eg gjer deg ikkje urett. Var vi ikkje samde om ein denar?' **14** Ta ditt og gå! Men eg vil gje han som kom sist, like mykje som deg. **15** Har eg ikkje lov å gjera som eg vil med det som er mitt? Eller ser du med vonde auge på at eg er god?' **16** Såleis skal dei siste bli dei første og dei første dei siste.» mellom Guds englar over éin syndar som vender om.»



Samlerhuset.no

## Urettvis rettferd?

Vi har eit velferdssamfunn som også gir løn til dei av oss som av ulike grunnar ikkje kan jobbe. Det kan seiast å vere urettvist, men samtidig er det rettvist. For kva gener vi er født med og kva som kan ramme oss gjennom livet, er vi ikkje herre over. Det å ha eit velferdsamfunn som tar vare på oss når vi treng det, gir trygghet.

Når vi menneske klarar å sjå rettferd på denne måten - kor mykje større er ikkje Guds rettferd? Har Gud sagt at du er ein del av himmelriket, så er du det, du får ikkje meir del i det, sjølv om naboen din vender seg til Gud i tolvte time og også får del i himmelriket.

Korleis står det til med vår kjærleik dersom vi ikkje unner vår bror Guds kjærleik?

Ein kjent professor i teologi hadde ei forelesing om dei siste tider, og gjorde greie for eit teologisk syn som går ut på at Jesu frelsesverk skjedde ein gong for alle – for alle! Det vil seie at alle menneske blir frelst til slutt. Det murra i auditoriet og ein modig student reiser seg og seier at dette er i strid med Bibelens lære om to utgongar på livet. Etter ein kort pause gav professoren eit svar som er til ettertanke og sjølvransaking for oss alle: Om Gud frelste alle til slutt, ville du hatt noko imot det?

Ville vi blitt skuffa då? Om svaret er ja, er kanskje ikkje hjarte vårt der det burde vere...

Å leve med Guds kjærleik er ei glede – det er synd for den som ikkje oppdagar det før seint i livet, men det er aldri for seint.

God søndag!

Kristin Lødøen Hope

- sjukehusprest -